



STORTINGET

Stortingstidende

Referat fra møter i Stortinget

Nr. 4 • 11. oktober
Sesjonen 2025–2026

Åpning av det 170. storting

President: Masud Gharaikhani

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *lørdag den 11. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

Hans Majestet Kongens tale til det 170. storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfullt arbeid og ønsker at det må bli til gagn for fedrelandet.

En urolig verden påvirker norsk økonomi. Handelskonflikter påvirker næringslivet, og prisveksten påvirker folks lommebok.

Regjeringen møter uroen med trygg styring. Målet er å skape trygghet for fremtiden.

Folk får nå bedre råd. Lønningene stiger mer enn prisene. Inntektsskatten er senket. Barnehage og skolefritidsordning er rimeligere. Barnetrygden og studiestøtten er økt. Pensjonistene har fått høyere inntekter. Husholdninger har nå mulighet til å velge norgespris på strøm.

Næringslivet i Norge går godt, med høy lønnsomhet og store investeringer. Eksporten har satt nye rekorder. 162 000 flere har kommet i jobb de siste fire årene, 8 av 10 ute i bedriftene. Privat kapital er – og skal være – driveren i utviklingen av næringslivet. Regjeringens oppgave er å gi stabile rammevilkår og støtte opp under omstilling. Regjeringen vil utvikle EØS-avtalen som grunnmur for handel og samarbeid med Europa.

Norge vil trenge flere store reformer i årene som kommer. Reformene skal åpne nye muligheter i hele landet og ta vare på små forskjeller – sosialt og geografisk.

Regjeringen inviterer partiene på Stortinget til en skattekommisjon. Målet er et mer effektivt skattesystem, flere i arbeid og forutsigbarhet for næringslivet.

Kommunekommisjonen skal foreslå endringer for bedre styring av kommunene, bedre bruk av personell og bedre tjenester. Det er viktig i en tid med flere eldre, knapphet på arbeidskraft og økte forventninger til offentlige tjenester.

Helsereformutvalget skal utrede og foreslå nye modeller for organisering, styring og finansiering av helse-tjenesten. Målet er en mer sammenhengende tjeneste.

Fellesskoleutvalget skal vurdere skolens rolle de neste 20 årene. Utvalget skal foreslå endringer i innhold, omfang og organisering av skolen.

Politirulleutvalget skal utrede fremtidens politi. Utvalget skal foreslå tiltak som styrker politiets evne til å løse samfunnsoppdraget mer effektivt.

Et viktig bakteppe for reformene er at Norge mangle arbeidskraft. Det hindrer verdiskaping, og det gir bemanningsutfordringer, bl.a. i barnehage og eldreomsorg.

Regjeringen har mål om å få 150 000 flere i jobb innen 2030.

For å få flere i jobb styrker regjeringen arbeidslinjen: Flere unge skal komme raskere i gang med studier og arbeid. Flere som står utenfor arbeid, skal komme i aktivitet, og blant dem som er i jobb, skal flere hele, faste stillinger tilbys.

For dem som trenger ny kompetanse, vil regjeringen sette i gang en kompetansereform i arbeidslivet. Samtidig trapper regjeringen opp investeringer i forskning, digitalisering og kunstig intelligens. Det skal bidra til å frigjøre arbeidskraft, til produktivitet og til effektivisering.

Noen kan ikke jobbe, av gode grunner. Dem skal velferdsstaten stille opp for. Trygdesystemet skal gjøre det mulig å leve et verdig liv, selv om man ikke kan arbeide.

Barn går to år lenger på skolen i dag enn i 1990. Likevel har skolerisultatene gått tilbake det siste tiåret. En viktig årsak er at elevene leser for lite.

Regjeringen vil gjennomføre et nasjonalt leseløft, finansiert med 1 mrd. kr.

Alle barn og unge i Norge skal lese minst ett kvarter hver dag. Det skal bli mindre skjermbruk blant de minste. Det første læremiddelet barna får med hjem, skal være en bok – ikke en skjerm. Flere bøker skal inn i klasserommene. Elevene som strever med lesing, skal få tidlig og intensiv hjelp.

Det er innført klare anbefalinger for mobilfri skole. Regjeringen arbeider med en aldersgrense for sosiale medier på 15 år. Samtidig styrker vi muligheten til å delta i kultur, idrett og frivillighet.

Vår felles helsetjeneste skal være den beste helseforsikringen. Alle i Norge skal ha tilgang til moderne helsetjenester når de trenger det.

Regjeringen gjennomfører Ventetidsløftet sammen med partene i arbeidslivet. Ventetidene går ned. Sykehusene behandler flere pasienter. Stadig flere får sin egen fastlege. Fremover vil regjeringen fortsette å redusere ventetidene, modernisere fastlegeordningen og fortsette gjennomføringen av opptappingsplanen for psykisk helse.

Flere eldre skal få hjelp til å bo lenger hjemme. Flere omsorgsplasser skal bygges, og alle skal være garantert høreapparat innen fire måneder.

Trusselen fra organisert kriminalitet i Europa har aldri vært større.

Fra 1. juli er politiet bevæpnet i daglig tjeneste. Kontrollene av grensene er styrket. Det er flere på jobb i politiet for å bekjempe kriminalitet enn noen gang tidligere. Resultatet er bl.a. at større verdier inndras.

Unge som begår alvorlige lovbrudd, skal møtes med tydelige og raske reaksjoner. Straffene for ungdom er skjerpet. Det blir hurtigspor for raskere behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år, i flere politidistrikt.

Arbeidet for å hindre nyrekruttering til kriminalitet styrkes. Blant annet innføres én-til-én-oppfølging av ungdommer som begår gjentatt kriminalitet.

Krig, konflikt og klimaendringer setter sitt preg på verden. Norsk utenrikspolitikk skal bidra til å ivareta våre nasjonale sikkerhetsinteresser og bidra til fred og stabilitet i verden.

Norge holder fast ved støtten til Ukraina. Gjennom Nansen-programmet vil vi gi militær, sivil og humanitær støtte. I Midtøsten bidrar Norge med humanitær bistand til sivile rammet av krigen. Norge har anerkjent Palestina som stat og arbeider for en tostatsløsning.

Norges sikkerhet hviler på medlemskapet i NATO. Gjennom Forsvarsløftet styrkes alle forsvarsgrener. Totalberedskapen bygges opp. Vår sivile motstandskraft styrkes. Regjeringen gjennomfører en plan for økt selvforsyning av jordbruksvarer. Bosetting i hele landet er viktig for beredskapen, særlig i Nord-Norge.

Norge har fått et nytt, forsterket klimamål. Det krever ny teknologi og mer internasjonalt samarbeid. Vi skal bevare mer natur. Vi skal bygge mer ren energi for fremtiden, og vi skal ha nasjonal styring og kontroll over kraften.

Arbeiderparti-regjeringen vil på bakgrunn av stortingsvalget fortsette sitt arbeid.

Regjeringen ser frem til godt samarbeid med Stortinget i året som kommer.

Sammen skal vi føre Norge trygt gjennom urolige tider.

Sammen skal vi fortsette å bygge og bevare et land med små forskjeller, høy tillit og sterke fellesskap.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets arbeid, og erklærer Norges 170. storting for åpnet.

Melding fra Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding. Første del av meldinga vert lesen av statsråd Nils Kristen Sandtrøen.

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Regjeringa har prioritert trygg styring i urolige tider.

Prisveksten er redusert, og arbeidsløysa held seg låg. Sysselsetjinga er høg. Dei siste fire åra har over 162 000

fleire kome i arbeid. Dei fleste av jobbane er skapte i privat sektor.

Det er framleis utsikter til god vekst i norsk økonomi, sjølv om vi har sett at det er auka usikkerheit i handelsvilkåra internasjonalt.

Noreg har store overskot i handelen med utlandet. I første halvår var overskotet på driftsbalansen 503 mrd. kr.

Regjeringa har lagt fram budsjett innanfor ei ansvarleg økonomisk ramme, trass i at det har vore ein stor og nødvendig auke i utgifter til forsvar, at vi har teke imot fordrivne frå Ukraina og gitt støtte til Ukraina gjennom Nansen-programmet.

Reallønnsveksten i fjor vart den høgaste på over ti år. Renta er sett ned.

Økonomien til barnefamiliane er styrkt. Barnetrygda er auka til 1 968 kr i månaden. Barnehageprisen er no historisk låg og ligg på 1 200 kr i månaden, og det er endå billigare i dei minst sentrale kommunane. I Finnmark og Nord-Troms er barnehagen gratis.

Noregspris på straum og fjernvarme vart innført 1. oktober 2025. Noregspris gjer straumutgiftene trygge og føreseielege for folk.

I møte med prisveksten på matvarer prioriterer regjeringa arbeidet med å styrkje konkurransen i daglegvarebransjen. Regjeringa har bl.a. sett i verk tiltak som skal leggje til rette for betre prisinformasjon og betre tilgang til butikkløkal. Regjeringa har også sendt på høyring forslag til endringar i lov om god handelsskikk for å bidra til effektive forhandlingar og eit betre daglegvaretilbod til forbrukarane.

Jordbruksavtalen dette året bidreg, saman med dei tidlegare jordbruksoppgjera i denne regjeringsperioden, til at jordbruket kjem til å ha inntektsmoglegheiter på nivå med samanlikningsgruppa i 2026.

Talet på pasientar som ventar på behandling i sjukehusa, er kraftig redusert, og ventetidene har gått markert ned. Fleire har også fått tilgang på fastlege. For eldre har regjeringa styrkt Bu trygt heime-reforma.

Med den nye avtalen om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet, IA-avtalen 2025–2028, er myndighetene og partane i arbeidslivet einige om tiltak for å få ned sjukefråværet.

2024 var eit krevjande år for kommunesektoren, som følgje av bl.a. høg kostnadsvekst og lågare vekst i skatteinntekter. Budsjettet som Stortinget vedtok i desember i fjor, sikra 13 mrd. kr i inntektsvekst for kommunesektoren i 2025. Det er den største auken i nyare tid og avgjerande for å sikre gode tenester i kommunane, som skule og barnehage. I revidert nasjonalbudsjett for 2025 fekk kommunane ytterlegare 1,6 mrd. kr i vekst i frie inntekter.

Regjeringa legg til rette for innovasjon i kommunale tenester. For eksempel har regjeringa starta ei utprøving

av kommunal nettlege som blir tilgjengeleg for innbyggjarane. Nettlegen skal vere eit supplement til fastlegeordninga og kommunal legevakt.

Regjeringa sitt arbeid har vore prega av at den sikkerheitspolitiske situasjonen er den mest alvorlege sidan den andre verdskrigen.

Noreg har stått saman med allierte og partnerar i å støtte Ukraina og svekkje Russlands evne til å halde fram med den ulovlege aggresjonskrigen.

Alle partia på Stortinget har blitt einige om å utvide Nansen-programmet for Noregs støtte til Ukraina og naboland, både i varigheit og i økonomisk omfang.

Situasjonen på Gaza er katastrofal, og sivilbefolkninga er utsett for ufattelege lidingar. Noreg er eit av landa som tydelegast har stått opp for den palestinske befolkninga. Noregs stemmegiving i FN og anerkjenninga av Palestina er blant eksempla på dette. Det er positivt at andre land no òg anerkjenner Palestina.

Regjeringa har lagt fram Noregs første nasjonale sikkerheitsstrategi, med tre tydelege prioriteringar.

For det første prioriterer vi å styrkje forsvarsevna raskt. I tråd med langtidsplanen er forsvarsbudsjettet auka betydeleg sidan i fjor. Før sommaren vart den første stortingsmeldinga om status i gjennomføringa av langtidsplanen lagd fram. Der peikte regjeringa på at fleire viktige føresetnader for planen er endra. Ëi slik endring er Noregs tilslutning til målet om å bruke 5 pst. av brutto nasjonalprodukt på forsvarsrelaterte utgifter innan 2035, eit mål som NATO-toppmøtet vedtok i juni. I august bestemte regjeringa seg for å inngå eit strategisk partnerskap med Storbritannia om å skaffe, utvikle og operere nye fregattar.

Den andre hovudprioriteringa i sikkerheitsstrategien er å gjere samfunnet meir motstandsdyktig. Oppfølginga av totalberedskapsmeldinga står sentralt i dette arbeidet. Politiet og Politiets sikkerheitsteneste har fått styrkt innsatsen for å hindre alvorleg kriminalitet, terror og samansette truslar. Det er etablert ei nasjonal cyberberedskapsordning, for at relevante myndigheiter og miljø i næringslivet skal kunne samarbeide om handteringa av digitale angrep. Regjeringa har også lagt fram ein eigen strategi for å styrkje motstandskrafta i befolkninga mot desinformasjon.

Den tredje hovudprioriteringa i den nasjonale sikkerheitsstrategien er økonomisk sikkerheit. Arbeidet med økonomisk sikkerheit inneber bl.a. å styrkje konkurransevna i norsk økonomi, gjere oss mindre sårbare overfor land vi ikkje har sikkerheitssamarbeid med, og styrkje det økonomiske samarbeidet med dei allierte og partnerane våre. Regjeringa har aktivt søkt partnerar for å vareta eit fungerande, regelbasert handelssystem. Regjeringa har stått fast på EØS-avtalen og EU som den nærmaste handelspartnaren vår, og har arbeidd for å va-

reta norske interesser i møte med ein ny amerikansk handelspolitikk.

Regjeringa legg til rette for lønsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Dette er eit fundament for verdiskaping, inntekter og arbeidsplassar og er eit viktig bidrag til europeisk energisikkerheit.

Auka fornybar kraftproduksjon og utvikling av nye næringar som havvind og CO₂-handtering er sentrale energipolitiske prioriteringar som byggjer opp under næringsaktivitet og utsleppsreduksjonar.

Våren 2025 la regjeringa fram ei klimamelding og melde inn eit nytt, ambisiøst klimamål for 2035, under Parisavtalen.

Målet inneber at utsleppa skal reduserast med minst 70–75 pst. samanlikna med 1990-nivå. Etter semja i Stortinget skal det planleggjast for at Noreg kan nå målet med utsleppsreduksjonar nasjonalt og i samarbeid med EU.

Utsleppa av klimagassar held fram med å gå ned. Foreløpige tal for 2024 viser at utsleppa i Noreg var 45 millionar tonn, ein nedgang på 3,5 pst. samanlikna med 2023.

Klimavenleg transport er eit verkemiddel for å kutte utslepp. Noreg er i 2025 etablert som internasjonal testarena for null- og lågutsleppsluftfart. Den første testflyginga med batterielektrisk luftfartøy mellom Stavanger og Bergen vart gjennomført i august.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding for å styrkje norsk forskning – med meir tungreknekraft, ein nasjonal strategi for kvanteteknologi, tryggare datadeling og betre vilkår for internasjonale forskarar og studantar.

Regjeringa har sendt ei ny lov om kunstig intelligens på høyring. Den nye lova skal gjere det mogleg for norsk næringsliv og offentlege verksemdar å utnytte moglegheitene som ligg i å utvikle og bruke kunstig intelligens, i tråd med grunnleggjande rettar og demokratiske prinsipp.

Regjeringa arbeider for å beskytte barn og unge på nett. Nær sagt alle grunnskular og dei fleste vidaregåande skular praktiserer mobilforbod, halvtanna år etter at regjeringa lanserte ei nasjonal anbefaling om dette. Regjeringa har i tillegg sendt på høyring eit forslag om å innføre 15 års aldersgrense for sosiale medium.

Norsk skule har hatt nedgang i resultat i viktige fag og ferdigheiter. Regjeringa arbeider saman med partane for å snu utviklinga. Grunnskuleelevene skal få meir praktisk læring for å auke motivasjon og meistring. Skulane har difor fått midlar til utstyr for å gjere alle fag i skulen meir praktiske og varierte, og midlar til innkjøp av bøker. Endringar i opplæringslova har gitt læraren større autoritet i klasserommet.

For å styrkje førebygginga mot barne- og ungdomskriminalitet har regjeringa prioritert betre og raskare

straffereaksjonar gjennom eit hurtigspor for mindre-årige lovbrutarar i Agder, Oslo, Øst og Vest politidistrikt. I tillegg har regjeringa føreslått midlar til ein-til-ein-oppfølgning av ungdomar som er i fare for å verte rekrutterte inn i kriminelle miljø, i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Regjeringa har også sendt på høyring eit lovforslag som gjer det straffbart å involvere ein mindre-årig i kriminalitet. Lova skal beskytte barn mot å verte rekrutterte av kriminelle nettverk.

Regjeringa har lagt fram forslag om ei rekkje viktige endringar i straffelovgevinga. Stortinget har vedteke både endringar i valdtekstføreseigna i form av ei samtykkelov, og ei rusreform som slår fast at narkotika framleis er straffbart. Samtidig skal personar som er avhengige av rusmiddel, møtast med hjelp i staden for straff. Stortinget har også vedteke ei ny forvaltingslov.

Regjeringa har prioritert arbeidet for likestilling og mot diskriminering. I august fremja regjeringa eit forslag om å inkorporere FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne i menneskerettslova.

I november 2024 slutta eit einstemmig storting seg til at dei overordna måla for Svalbard-politikken ligg fast, i samband med behandlinga av stortingsmeldinga om Svalbard. I 2025 vart det markert at Svalbard har vore ein del av Kongeriket Noreg i 100 år.

Resten av meldinga lyder som følger:

Sidan Forsvarsløftet vart vedteke, har regjeringa sett i gang ei omfattande og rask styrking av norsk forsvarevne, ved å gjennomføre langtidsplanen på målretta vis. Regjeringa har auka investeringane og driftsrammene i Forsvaret, fortsett personellopptrappinga, styrkt forsvarsindustrien, intensivert støtta til Ukraina og forsterka samarbeidet med allierte, EU og andre samarbeidspartnarar.

Den russiske angrepskrigen mot Ukraina går føre seg med uforminska styrke. Den sivile og militære støtta er auka til 85 mrd. kr i år. Dette er eit viktig bidrag til ukrainsk, europeisk og norsk sikkerheit og stadfestar vår støtte til Ukrainas forsvarskamp.

Internasjonalt og europeisk samarbeid utgjer ei svært viktig ramme for den norske militære støtta til Ukraina. Noreg leier arbeidet med å utvikle den ukrainske marinen i samarbeid med Storbritannia. Saman med dei andre nordiske landa, dei baltiske landa og Polen leier Noreg arbeidet med å trene og utruste ein skalerbar ukrainsk styrke på størrelse med ein brigade. Regjeringa bidreg også til andre bilaterale og multilaterale initiativ for å skaffe militært materiell til Ukraina. Regjeringa har prioritert behova som Ukraina meiner er størst: luftvern, artilleriammunisjon og dronar, bl.a. gjennom kjøp frå Ukrainas eigen forsvarsindustri. Vi har

også bidrege betydeleg i opplæring og utdanning av ukrainsk personell i Noreg og i tredjeland. Regjeringa følgjer systematisk opp bruken av midlane for å sikre at dei gir størst mogleg effekt på bakken, samtidig som vi reduserer risikoen for misbruk og korrupsjon.

Noreg vidareutviklar det bilaterale samarbeidet med nære allierte og i ulike format, som det nordiske forsvarssamarbeidet NORDEFCO og det britiskleide sikkerheitssamarbeidet Joint Expeditionary Force, JEF.

NATOs overgang til nytt planverk og tilpassing til kommandostruktur går framover. Dette inneber at vi har samla dei nordiske landa under Joint Force Command Norfolk og oppretta eit nytt luftoperasjons-senter i Bodø.

Noreg har bidrege substansielt til NATOs operasjonar, oppdrag og ståande styrkar og har stilt militære bidrag til Irak, Baltikum, Polen, Austersjøen, Raudehavet og Stillehavet. Vi held fram med å støtte land på Balkan og ved Svartehavet når det gjeld å byggje opp kapasitet i ramma av NATO. Noreg har vedteke å delta saman med Storbritannia, Frankrike, Danmark og Island i den svenskleide NATO-styrken Framskotne landstyrkar, FLF, i Finland.

EØS-avtalen er ein livsnerve for norsk økonomi. Avtalen sikrar arbeidsplassar, eksport og tryggleik for titusenvis av arbeidsfolk over heile landet. Norske bedrifter innanfor bl.a. teknologi, maritim sektor og reiseliv er avhengige av stabile og føreseielege rammer. I ei tid med handelspolitisk uro er EØS-avtalen fundamentet for vår plass i EUs indre marknad og grunnlaget for regjeringa sin aktive Europa-politikk.

Regjeringa har difor arbeidd systematisk for å redusere etterslepet når det gjeld å innlemme EØS-relevante rettsakter i EØS-avtalen. Redusert etterslep betyr at vi tek betre vare på norske interesser.

Regjeringa har formelt starta forhandlingar om norsk tilslutning til EUs helseberedskapssamarbeid og er i slutfasen av forhandlingar om ein avtale om deltaking i romprogrammet Secure Connectivity. Regjeringa forhandlar også om nye samarbeidsavtalar med dei 15 mottakarane av EØS-midlane, noko som skaper moglegheiter for auka kontakt mellom Noreg og mottakarlanda.

I ei uroleg verd må vi styrkje banda til dei viktigaste partnarane våre. I løpet av det siste året har vi difor inngått strategiske partnarskap med Storbritannia, Polen, Frankrike og Tyskland. Dei nordiske og baltiske landa er òg nære partnarar, og alle er no medlemer av NATO. Det nordisk-baltiske samarbeidet, NB8, har dei siste åra blitt stadig viktigare. Regjeringa har også styrkt det sikkerheitspolitiske samarbeidet med EU.

Samtidig er det i Noregs grunnleggjande interesse å bevare eit godt og stabilt forhold til USA, som er den viktigaste allierte og den fremste sikkerheitsgarantisten vår.

Samarbeid med land som støttar opp om folkeretten og regelbasert handel, blir stadig viktigare. Den historiske handelsavtalen mellom EFTA-landa og India tredde i kraft 1. oktober 2025. I 2025 har EFTA-landa òg inngått frihandelsavtalar med Malaysia, Thailand og Kosovo. Noreg og dei andre EFTA-landa har også fått forbedra marknadsvilkår i land som Argentina og Brasil, ved å inngå avtale med handelsblokka MERCOSUR i Sør-Amerika. Vidare har EFTA-landa oppdatert handelsavtalane med Chile, Ukraina og Singapore. Etter invitasjon frå Sør-Afrika er Noreg for andre år på rad eitt av få gjesteland i G20. Forumet samlar dei viktigaste økonomiane i verda.

Noreg har slutta opp om EUs sanksjonspakkar og deltek aktivt i arbeidet mot Russlands skyggeflåte. Regjeringa har oppretta Direktoratet for eksportkontroll og sanksjonar for å styrkje arbeidet med sanksjonar og eksportkontroll. Sikkerheita i viktige hamner blir gjenomgått gjennom verdikartleggingar, og det er bestemt at russiske statsborgarar framover ikkje kan vere kapteinar på norskflagga skip.

Nordområda er Noregs viktigaste strategiske satsingsområde. Russlands angrepskrig i Ukraina har endra rammene for internasjonalt samarbeid i nord. Noreg er ei tydeleg stemme i internasjonale prosessar som vedkjem Arktis, innanfor miljø, havforvaltning og ressursutnytting. I august la regjeringa fram ein ny nordområdestrategi. Målet med strategien er å sikre livskraftige lokalsamfunn som bidreg til sikkerheit og beredskap i nord. Her har Aust-Finnmark særleg prioritet.

Når det gjeld Gaza, har Noreg heile vegen vore tydeleg på at det trengst ei våpenkvile, at gislane må sleppast fri, og at naudhjelp må sleppast inn. Regjeringa har oppretthalde støtta til Palestina og til FNs organisasjon for palestinske flyktningar. Noreg var også initiativtakar til ein resolusjon i FNs generalforsamling. Der vart den internasjonale domstolen i Haag beden om ei rådgivande fråsegn for å slå fast Israels folkerettslege forpliktingar om å leggje til rette for at FN, land og organisasjonar kan gi naudhjelp og grunnleggande tenester til palestinarar som lever under okkupasjon. Noreg har vore tydeleg på at mange av handlingane til Netanyahu-regjeringa i Gaza og på Vestbreidda utgjer klare brot på folkeretten. Regjeringa har, saman med andre europeiske land, innført sanksjonar mot to ministrar i den israelske regjeringa.

Noreg har fortsett arbeidet for ei tostatsløyising for Israel og Palestina, særleg gjennom støtte til oppbygginga av fungerande palestinske institusjonar. Her er leiarskapen vår i givarlandsgruppa for Palestina og budsjettstøtta til dei palestinske sjølvstyresmaktene sentral.

Noreg har bidrege med medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina og Gaza, gjennom EUs ordning for sivil beredskap. Per utgangen av august 2025 hadde Noreg

teke imot totalt 465 pasientar og 269 pårørande frå Ukraina og totalt 28 pasientar og 72 pårørande frå Gaza.

Ein regelstyrt verdsorden har tent Noreg godt, og det er viktig for oss at verdsordenen også i framtida blir organisert på ein måte der makt og størrelse ikkje skal rå. Stortingsmeldinga om Noregs innsats for fred og konfliktløyising i ei uroleg verd illustrerer kor viktig dette arbeidet er for vår eiga sikkerheit. Med krig i Europa bruker Noreg vår erfaring med konfliktløyising for å støtte Ukraina, og for å fremje USAs og Europas arbeid for ei våpenkvile og ein fredsprosess. Noreg har engasjert seg tungt for å bidra til å stanse kampane i Sudan og for at nødhjelpa skal nå fram til den hardt ramma sivilbefolkninga.

Under krevjande omstende har Noreg det siste året vore leiande i arbeidet med Den fjerde erklæringa om finansiering for utvikling, og i innsats for rettferdig skatt. Noregs bidrag på 5 mrd. kr til Verdsbankens fond for dei fattigaste landa er det største nokosinne. Dette er ei investering i global stabilitet og utvikling.

Regjeringa har fremja og Stortinget vedteke ei ny besøksbidragslov. Lova gir kommunane eit nytt verktøy til å løyse utfordringar med mange besøkjande og leggje til rette for eit meir berekraftig næringsliv.

Våren 2025 vedtok Stortinget ei ny minerallov som skal leggje betre til rette for ny berekraftig mineralutvinning.

Regjeringa har satsa vidare på norsk romverksemd. Den første rakettoppskytinga frå Andøya vart gjennomført i mars 2025. Regjeringa la fram forslag til ny romlov i juni, med mål om å sikre ein trygg og berekraftig bruk av verdsrommet.

Etter forslag frå regjeringa har Stortinget vedteke å anskaffe ny sjøfiberkabel frå fastlandet til Jan Mayen og Svalbard, og det er inngått ein avtale med Space Norway AS om å etablere ein slik kabel.

Regjeringa har fremja dyrevelferdsmelding og havbruksmelding, med mål om å sikre størst mogleg samla verdiskaping, samtidig som miljø, biosikkerheit og dyrevelferd blir vareteke.

Regjeringa har bestemt at ein skal innføre nullfiskeområde og ei rekkje andre fiskeritiltak for å styrkje fiskebestandane og økosystemet i Oslofjorden. Dei første tiltaka, som gjeld reiskapsavgrensingar i fritidsfiske, tredde i kraft 1. oktober 2025, og nullfiskeområda trer i kraft frå 1. januar 2026.

Regjeringa har lagt fram forslag om endringar i allmenngjeringslova og petroleumslova for å innføre eit krav om norsk løn på skip i norske farvatn og på norsk sokkel. Stortinget har vedteke lovendringane.

Oppryddinga etter Institutt for energiteknikk nukleære verksemd held fram i tråd med stortingsmeldinga om trygg nedbygging av norske atomanlegg og

handtering av atomavfall. Reaktoranlegget i Halden vart 1. april 2025 overført til den statlege etaten Norsk nukleær dekommisjonering, som skal leie nedbygginga av anlegget.

Stortinget vedtok i juni 2025 nye lover om Einingsregisteret og Føretaksregisteret. Desse har grunndata om norske verksemdar, både innanfor næringslivet, frivilligheita og offentleg sektor. Lovene legg til rette for auka bruk av digitale løysingar og auka gjenbruk av registrerte opplysningar.

Regjeringa la i mars fram ei ny industrimelding som presenterer seks industripolitiske prioriteringar for å sikre konkurransekraft for industrien i Noreg.

I 2024 la regjeringa fram Noregs første stortingsmelding om gründerar og oppstartsbedrifter med over 50 tiltak som skal møte behova til gründera og leggje til rette for vidare vekst.

Barne- og ungdomskriminaliteten har uroa mange dei siste åra. Dei fleste barn og unge i Noreg utøver ikkje kriminalitet, og andelen som gjer seg skyldig i kriminalitet, er på eit lågt nivå, historisk sett. Samtidig er det sidan 2016 fleire under 15 år som er blitt melde til politiet. Regjeringa har jobba målretta for å reversere denne utviklinga, og i 2024 var det ein nedgang i talet på meldingar i den registrerte barne- og ungdomskriminaliteten.

Regjeringa arbeider vidare med dette og prioriterte 438 mill. kr i statsbudsjettet for 2025 til kampen mot barne- og ungdomskriminalitet. Kapasiteten i ungdomseiningane innanfor kriminalomsorga har også auka. Innan utgangen av 2025 kjem kapasiteten til å vere nær tredobla sidan 2021.

Regjeringa jobbar vidare med å gripe fatt i utfordringane i kriminalomsorga. For å løyse rekrutteringsutfordringane i sektoren prioriterte regjeringa i revidert nasjonalbudsjett 2025 midlar til å auke opptaket på Kriminalomsorgas høgskole med 75 plassar. For Stortinget har regjeringa også fremja forslag til lovendringar som skal redusere bruk av isolasjon i fengsel.

I stortingsmeldinga om straffegjennomføring har regjeringa varsla at ho ønskjer å gjere om dagens toårige fengselsbetjentutdanning til ei treårig bachelorutdanning i straffegjennomføring, bl.a. slik at dei tilsette i kriminalomsorga får meir kunnskap om korleis dei tek vare på innsette med psykiske lidningar, for betre samhandling med helsetenesta.

Stortinget har i 2025 vedteke endringar i politilova. Endringane opnar for at Politidirektoratet kan avgjere at politiet skal bere våpen i dagleg teneste. På dette grunnlaget har Politidirektoratet bestemt at politiet skal bere våpen i dagleg teneste frå 1. juli 2025.

Regjeringa har sett ned politirolleutvalet. Utvalet skal bidra til å definere og tydeleggjere politirolla, gjennom grundige prinsipielle vurderingar av sentrale di-

lemma og konkurrerende verdiar som følgjer av det breie samfunnsoppdraget til politiet.

I mai 2025 la regjeringa fram ein ny nasjonal strategi mot menneskehandel. Fem departement står bak 18 tiltak som skal gjennomførast frå 2025 til 2030. Formålet med strategien er å redusere handlingsrommet for utnytting i menneskehandel.

For å styrkje kunnskapsgrunnlaget om vald i nære relasjonar har regjeringa etablert ein partnardskapskomisjon.

Stortinget vedtok våren 2025 endringar i sivilbeskyttelseslova, som gir heimel til å regulere sivile arbeids- og tenesteforhold og påleggje sivil arbeidsplikt, sivil arbeidskraftberedskap, når riket er i krig, krig truar eller sjølvstende til riket er i fare. Lova gir også heimel til å regulere førebuande tiltak til sivil arbeidskraftberedskap i fredstid.

Som ledd i kampen mot radikaliserings og politisk motivert vald la regjeringa i mars fram ekstremismemeldinga. Eit sentralt tiltak er etableringa av eit nasjonalt senter mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

Regjeringa er oppteken av at innvandringa til Noreg skal vere kontrollert, rettferdig og berekraftig, og samarbeider tett med europeiske og globale partnerar om nye løysingar som bidreg til betre kontroll med migrasjonsstraumane. Viktige tiltak er å gjennomføre den europeiske pakta for migrasjon og asyl og å forhandle om eit nytt europeisk returregelverk som bl.a. skal gjere det mogleg med retursenter utanfor Schengen-området.

Stortinget vedtok i juni endringar i integreringslova. Dei skal bidra til auka formell og arbeidsretta opplæring i introduksjonsprogrammet, og eit klarare og enklare regelverk. Blant anna skal det stillast minstekrav til arbeidsretta opplæring i introduksjonsprogrammet, slik at det kvalifiserer for arbeid, og at introduksjonsprogrammet varer lenger for dei som skal gjennomføre vidaregåande opplæring innanfor rammene av introduksjonsprogrammet.

Noreg har teke imot mange ukrainarar sidan Russlands fullskala invasjon av Ukraina. Over 92 000 har fått kollektivt vern per 1. september 2025. For å gjere forholda meir berekraftige når flyktningane kjem, har regjeringa bl.a. stramma inn i ordninga om kollektivt vern. Mykje tyder på at tiltaka har hatt effekt på innreisetalet, og Noreg er no eit av landa i Norden der det kjem færrest flyktningar frå Ukraina.

Vi ser no at stadig fleire ukrainske fordrivne kjem i jobb. Sysselsetjingsandelen for denne gruppa var i juli i år over 40 pst. Det er ein auke på 14 prosenteningar sidan same tid i fjor.

Talet på sysselsette aukar med tida dei har budd her, og det er difor grunn til å tru at sysselsetjingsandelen kjem til å auke framover.

Ungdomsløftet er regjeringa sin samla innsats for å få fleire unge som står utanfor arbeidslivet, inn i jobb. Arbeidsgivarane treng arbeidskraft, og dei unge treng arbeidserfaring. Regjeringa set bl.a. i verk eit forsøk med eit arbeidsretta ungdomsprogram frå hausten 2025. I dette forsøket skal unge som treng hjelp til å kome i jobb, få tilbod om å delta i eit program med ei inntekt som ikkje er knytt til at dei har ein diagnose, men at dei er i arbeidsretta aktivitet.

Innsatsen mot useriøse arbeidsforhold, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er styrkt. Regjeringa har utarbeidd ein ny handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Arbeidstilsynet har også fått strengare heimlar som kan brukast i innsatsen mot den mest useriøse delen av næringslivet.

Lønnsoppgjeret i 2025 var eit mellomoppgjer. Avtalerevisjonane har i hovudsak vore løyste gjennom forhandlingar og mekling.

Det ligg an til framleis høg reallønnsvekst i tida framover. Partane i frontfaget var einige om ein årslønnsvekst på 4,4 pst. i 2025. Prisveksten, målt med endringa i konsumprisindeksen siste 12 månader, var på 3,5 pst. i august og ser ut til å avta gradvis framover.

Høgare renter har bidrege til å dempe gjeldsveksten i hushalda dei siste åra. Målt i forhold til inntekta er gjelda i norske hushald likevel på eit høgt nivå, både historisk og samanlikna med andre land. Det gjer norsk økonomi sårbar.

Regjeringa la i mai 2025 fram ein ny handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. Handlingsplanen har 29 tiltak for å beskytte utsette barn, unge og vaksne mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. Åtte departement samarbeider om planen. Fleire av tiltaka byggjer på tilrådingane frå lovutvalet mot negativ sosial kontroll.

I juni 2025 fremja regjeringa ein lovproposisjon til Stortinget med forslag om utreiseforbod for barn og unge ved fare for skadeleg utanlandsopphald.

Regjeringa har starta arbeidet med å etablere ei nasjonal organisering for rettleiing, kontroll og handheving av den komande KI-lova. Regjeringa skal etablere KI Noreg, som skal vere ein nasjonal arena og pådrivar for ansvarleg innovasjon og utvikling av kunstig intelligens i landet. Både KI-lova og organiseringa skal etter planen tre i kraft neste år.

Eit fritt og ope internett er grunnleggjande for demokrati, menneskerettar og ytringsfridom. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet arrangerte i juni FN-konferansen Internet Governance Forum 2025, som er den største møteplassen i verda for diskusjon av internettforvaltning og global digital utvikling.

Regjeringa har føreslått å gjennomføre EUs forordning om digitale tenester, DSA, i norsk lov. Forslaget til

ny lov om digitale tenester, som vart sendt på høyring sommaren 2025, skal gi norske forbrukarar betre vern på nett ved bl.a. å førebyggje ulovlege og skadelege aktivitetar på internett og motverke spreiding av desinformasjon.

Datasenter utgjer ein viktig del av den digitale grunnmuren i samfunnet. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet lanserte i juni 2025 ein ny datasenterstrategi, der eitt av tiltaka er ei utgreiing av eit forbod mot etablering av ny kryptoutvinning.

Petroleumsværksemda er Noregs største næring. I 2024 utgjorde verdiskapinga i petroleumssektoren om lag 22 pst. av Noregs brutto nasjonalprodukt. Statens netto kontantstraum frå petroleumsværksemda var i overkant av 700 mrd. kr i 2024, noko som tilsvarar 32 pst. av statens samla inntekter.

Noregs eksport av olje og gass er viktig for Europas energisikkerheit. I 2024 var den samla produksjonen frå norsk kontinentalsokkel på sitt høgaste sidan 2008. Gassproduksjonen var på det høgaste nivået nokon gong. Mesteparten av denne gassen vart levert i røyrledning til EU-land og Storbritannia, og norsk gass dekkjer om lag 30 pst. av EUs og Storbritannias samla gassbehov.

For å kunne oppretthalde dei positive bidraga frå petroleumsværksemda er det behov for å påvise, utforske og utvikle nye ressursar på norsk sokkel.

CO₂-handtering er eit nødvendig tiltak for at verda skal nå klimamåla, og det er ein teknologi der Noreg er verdsleiar. Langskip har starta opp i år med fullskala fangst av CO₂ på sementfabrikken i Brevik og permanent lagring i Nordsjøen. Det er stor interesse frå kommersielle selskap for å utvikle CO₂-lager på norsk kontinentalsokkel.

Prosjektutviklinga i havvindprosjekta i Sørlege Nordsjø II og utlysinga av Utsira Nord er viktige milepålar på vegen mot auka kraftproduksjon. Det same er arbeidet regjeringa gjer med å effektivisere konsesjonsbehandlinga av kraftproduksjon og straumnett.

Kraftsituasjonen i 2024 var meir stabil enn i 2023 og 2022, og det var rekordhøg kraftproduksjon med 157 TWh. I 2024 hadde alle dei norske prisområda lågare gjennomsnittsprisar enn året før, sjølv om det tidvis var store prisforskjellar mellom dei ulike områda. Prisforskjellane var likevel mindre enn i åra før 2024. Ein høgare andel av uregulerbar vind- og solkraft i Europa bidrog til låge og i periodar negative prisar, men vi opplevde også rekordhøge straumprisar i timar med knapp effekt.

Mineral frå den norske havbotnen kan bidra i forsyninga av viktige metall som våre allierte treng i ei geopolitisk krevjande tid. Opningsvedtaket og den forvaltningsstrategien som Stortinget har slutta seg til, ligg fast. Hovudmålet for forvaltninga er å leggje til rette for løn-

sam utvinning av mineralforekomstar på norsk kontinentalsokkel innanfor berekraftige rammer.

Regjeringa har etablert klimastatus og -plan som eit sentralt verktøy i styringa av klimapolitikken. Arbeidet har vist at det er krevjande å innfri Noregs forpliktingar med tiltak berre i Noreg. Samtidig ser vi at dei klimapolitiske verkemidla har hatt effekt. Dei norske utsleppa har gått ned, og omstillinga til lågutsleppssamfunnet har gått riktig veg. Dette er tydeleg bl.a. i transportsektoren. I 2016 sette eit einstemmig storting seg eit svært ambisiøst mål om at alle nye bilar skulle vere elbilar i 2025. Det målet er i praksis nådd. Ved utgangen av juli 2025 var 93 pst. av nyregistrerte personbilar elektriske, og 98 pst. av nyregistrerte bussar var anten elektriske eller gassdrivne.

Noreg bidreg også betydeleg til utsleppsreduksjonar globalt. Regnskogsatsinga er i dag Noregs største internasjonale klima- og natursatsing. Skogane i tropiske land utgjer livsgrunnlaget for millionar av menneske som bur i og omkring skogen, og er viktig for nedbørsmønster, eit stabilt klima og som flaumsikring, i tillegg til å vere store karbonlager. Noregs samarbeidsland har redusert utsleppa frå avskoging og skogforringing tilsvarende over 4 milliardar tonn CO₂-ekvivalentar sidan initiativet vart teke. Det neste tiåret er kritisk for dei tropiske skogane. Befolkningsvekst og auka forbruk fører til større etterspørsel etter mat og brensel, og auka press på skogareal. Difor er klima- og skoginitiativet forlenget til 2035.

Ekspertgruppa for utgreiing av verkemiddel for å fremje sirkulære aktivitetar leverte rapporten sin i mai 2025. Gruppa har anbefalt 79 tiltak for korleis norsk økonomi kan verte meir sirkulær. Rapporten er send på høyring, og regjeringa vil vurdere dei anbefalte tiltaka.

I juni vart FN-panelet for forureining etablert etter forhandlingar i Punta del Este i Uruguay. Panelet skal byggje eit felles kunnskapsgrunnlag for sikker handtering av kjemikaliar og avfall, og førebygging av forureining. FN har no kunnskapspanel for dei tre planetære miljøkrisene: klimaendringar, tap av biologisk mangfald og forureining.

Noreg har sidan 2022 hatt ei sentral rolle i forhandlingane om ein global plastforureiningsavtale. Ved siste forhandlingsmøte i Genève 5.–14. august i år vart partane dessverre ikkje einige.

Gjennom Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027 har regjeringa lagt grunnlaget for styrkt økonomi i sjukehusa og meir investering i pasientbehandling. Ei ny helsereform er under arbeid for å betre samhandlinga mellom nivåa i helsetenesta. Dette inkluderer eit nytt rekrutterings- og samhandlingstilskot, ein samarbeidsavtale med KS, lokale forsøksprosjekt og eit

offentleg utval som greier ut nye modellar for heilskaplege tenester.

Digitalisering står sentralt, og regjeringa har styrkt helseteknologiordninga for å støtte velferdsteknologi, digital journalføring og heimeoppfølging. Det er lagt fram ei ny prioriteringsmelding for å sikre rettferdig ressursbruk og helsegevinst for heile befolkninga, og ein omfattande lovrevisjon som skal lette digital informasjonsdeling i helse- og omsorgssektoren.

Regjeringa har også gjennomført ei rekkje lovendringar, bl.a. i folkehelselova, abortlova, helsetilsynslova og tobakksskadelova, og dessutan nye reglar i bioteknologilova, helseforskningslova, lov om psykisk helsevern og matlova. I tillegg er det innført rett til rabatterte tannhelsehjelp for unge vaksne, 25–28 år, og betre regulering av og marknadsføring av usunn mat og drikke, særleg retta mot barn og unge.

Innanfor rusfeltet er det lansert ei todelt førebyggings- og behandlingsreform, der personar med alvorlege rusproblem skal møtast med hjelp, og ikkje straff. Samtidig har regjeringa følgd opp Opptappingsplanen for psykisk helse, bl.a. med 400 mill. kr i 2025 til lågterskeltilbod og vurderingssamtalar.

For eldre har regjeringa styrkt Bu trygt heime-reforma, forbedra fastlegeordninga og lansert eldrebarometer.no – eit nytt verktøy for å måle kvalitet i eldreomsorga. Det er gitt tilsegn om tilskot til 1 500 nye heildøgns omsorgsplassar og oppretta ein eldrebustadallianse for å fremje aldersvennlege bustader.

Regjeringa har også fremja viktige strategiar for kvinnehelse, kreftbehandling og livskvalitet og begynt arbeidet med ein ny demensplan.

Regjeringa har sett ned ein kommisjon for kommunesektoren. Kommisjonen skal føreslå endringar i statens styring av kommunesektoren. Slik vil ein leggje til rette for betre ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren.

Regjeringa har inngått fem nye bygdevestavtalar med pilotkommunar i fem ulike fylke. Til saman dekkjer ordninga no 35 kommunar fordelt på ti pilotar i sju fylke.

Regjeringa vil få fart på bustadbygginga i heile landet og har mål om at det skal setjast i gang bygging av 130 000 nye bustader innan 2030. Difor har regjeringa sett i gang eit arbeid for endringar og forenklingar i plan- og bygningslova. Det skal samtidig vere god kvalitet på bustadbygginga. Like før sommaren la regjeringa difor fram ein nasjonal arkitekturstrategi.

Regjeringa meiner at dagens husleigelov treng forbedring, og har sett i gang eit arbeid med sikte på eit heilskapleg lovforslag som styrkjer rettane til leigarane og samtidig varetek balansen mellom leigar og utleigar.

Stortinget har behandla sannings- og forsoningskommisjonens rapport om fornorskingspolitikk og urett mot samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar. Vidare har regjeringa starta arbeidet med å følgje opp dei 16 oppmodingsvedtaka som Stortinget har gjort i saka. I oppfølginga har regjeringa planlagt å involvere samane og dei nasjonale minoritetane dette vedkjem.

Hausten 2024 inngjekk ei rekkje parti på Stortinget eit nytt barnehageforlik, og nye reglar om styring og finansiering av barnehagesektoren vart vedtekne av Stortinget i juni. Lovverket gir gode føresetnader for å kunne gi barna våre likeverdige barnehagetilbod av høg kvalitet.

Regjeringa si satsing på gratis skulefritidsordning, gjennomført saman med SV og Senterpartiet, har ført til ein rekordvekst i antal barn som går på SFO. Regjeringa har lagt fram forslag om å lovfeste ein rett til 12 timar gratis skulefritidsordning for elevar på 1.–3. trinn.

Regjeringa har teke aktive grep for å skape ein betre balanse i bruken av digitale verktøy, slik at vi styrkjer både læringa og tryggleiken til elevane i skulekvardagen. Utdanningsdirektoratet har gitt tydelege anbefalingar om at mobiltelefonar bør regulerast i skulen, og at kommunane må installere filter på digitale einingar elevane bruker. Regjeringa har sendt på høyring eit forslag som inneber å endre læreplanane slik at digitale einingar skal brukast varsamt og ikkje dominere undervisninga for elevar på 1.–4. trinn. Ein ny læremiddelkatalog gir skular og lærarar ei nøytral oversikt som gjer det enklare å finne og velje formålstenlege læremiddel. Regjeringa har også gått inn for å opprette felles støttetenester for personvern, informasjonssikkerheit og universell utforming, for på den måten å støtte kommunane i å oppfylle lovpålagde krav i vurderinga av digitale læremiddel. Støttetenestene skal både vurdere læremiddel og hjelpe kommunane, utan at ansvaret til kommunane vert fjerna. 52 kommunar har fått 54 mill. kr for å ha opne skulebibliotek med dedikerte tilsette.

Etter fleire år med auke i andelen elevar som opplever mobbing i skulen, viser Elevundersøkinga for 2024 ein liten nedgang i mobbetala på to av tre årstrinn. Samtidig er det ein liten auke i elevar som svarar at dei trivst godt på skulen.

Læraren skal vere sjefen i klasserommet. Hausten 2024 vart det innført nye reglar som gir læraren rett til å gripe inn fysisk for å hindre skade på personar og eigedom. I år er verkeområdet utvida slik at læraren òg kan gripe inn for å hindre at elevar krenkjer andre psykisk eller forstyrrar opplæringa vesentleg.

Regjeringa ønskjer ein breiare diskusjon om skulens rolle og oppgåver, og i november 2024 vart det oppnemnt eit utval som skal greie ut fellesskulens rolle i framtidssamfunnet. Utvalet skal sjå på korleis skulen bør utviklast, slik at han også i framtida på best mogleg måte

kan førebu barn i Noreg til å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Etter at søkjartala til lærarutdanningane har falle kraftig fleire år på rad, viste søkjartala i år ein oppgang på over 14 pst. på grunnskulelærarutdanningane, 1.–7. og 5.–10 trinn. Framleis er det ein nedgang på barnehagelærarutdanninga og yrkesfaglærarutdanninga. Fem universitet har fått 1 mill. kr kvar for å auke rekrutteringa til lærarutdanningane og då særleg barnehagelærarutdanninga. Det er løyvd 7,2 mill. kr ekstra til ei forsøksordning for å kvalifisere ukvalifiserte lærarar.

Regjeringa vil sikre at vi har fleire fagfolk med riktig kompetanse på riktig stad, og at fleire tek fagskuleutdanning. Denne våren har regjeringa difor lagt fram ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning, som Stortinget har slutta seg til. Blant dei viktigaste forslaga er å styrkje den statlege finansieringa av fagskuleutdanning, å skape fleire tilbod for vidareutdanning og å lage ein meir tydeleg karriereveg for fagarbeidarar. Fagskulane skal få meir handlingsrom for å utvikle utdanningar som gir kompetanse som samfunnet treng.

For å møte etterspørselen etter studentbustader og redusere presset på den private leigemarknaden er talet på tilsegner om tilskot til å bygge studentbustader auka frå 1 650 til 3 050 studentbustader i 2025. I tillegg vart tilskotssatsen auka til 40 pst. av kostnadsramma for heile landet, slik at han no er på 628 520 kr.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om forskningssystemet. Verda er i endring på måtar som påverkar forskning og tilgangen og tilliten til forskingsbasert kunnskap. Det gjennomgripande digitale teknologiskiftet og aukande internasjonal spenning stiller nye krav til forskningssystemet. Meldinga varslar bl.a. ei satsing på tungreknekraft, igangsetjing av ein nasjonal strategi for kvanteteknologi, styrking av forskningssikkerheit og betre vilkår for internasjonale forskarar og studentar.

Regjeringa har lagt fram forslag til ny barnelov, og denne vart vedteken av Stortinget. Ho skal styrkje barns rett til beskyttelse og medverknad, førebyggje og dempe konflikt etter samlivsbrot, gi foreldre eit likestilt utgangspunkt ved samlivsbrot og motverke urettkomen samværshindring.

Vidare har regjeringa lagt fram forslag til lov om undersøkingar av offentlege verksemders arbeid i saker om drap, vald, overgrep og omsorgssvikt mot barn. Lova skal bidra til å identifisere systemsvikt og lærings- og forbetringspunkt i offentlege verksemders arbeid for å førebyggje vald mot barn.

Regjeringa har stramma inn regelverket for å verna barn betre mot reklame. Frå 1.juli 2025 kan brot på reglane om god marknadsføringsskikk overfor barn verte sanksjonert med straffegebyr.

Regjeringa har også lagt fram forslag til endringar i lov om kommunale krisesentertilbod, krisesenterlova, og denne vart vedteken av Stortinget. Formålet er å leggje til rette for at kvinner, menn og barn som blir utsette for vald i nære relasjonar, får eit heilskapleg krisesentertilbod som er tilpassa deira behov og livssituasjon.

I juni la regjeringa fram ei stortingsmelding om korleis barn og unge skal få like moglegheiter til ein trygg oppvekst. Meldinga gir retningslinjer for arbeidet regjeringa gjer med å utjamne forskjellar.

Regjeringa har fått Stortingets tilslutning til ein proposisjon om endringar i barnevernslova, kvalitetsløftet i barnevernet. Målet med kvalitetsløftet er eit barnevern som sørgjer for gode og rettstrygge prosessar, der barn og foreldre blir involverte og lytta til. Vidare må barnevernet evne å gi rett hjelp til barn og familiar som er i ein vanskeleg livssituasjon.

I 2025 har regjeringa arbeidd vidare med sikte på at det statlege institusjonsbarnevernet skal ha eit godt, tilgjengeleg og tilstrekkeleg dimensjonert tiltaksapparat. Vidare har ein arbeidd for å oppfylle Bufetats bistandsplikt. Det blir òg arbeidd med å leggje til rette for at dei ideelle og kommersielle leverandørane kan bygge langsiktig kapasitet.

I desember 2024 oppnemnde regjeringa eit ekspertutval som skal gå gjennom organiseringa av det statlege barnevernet. Ekspertutvalet har no levert sin endelege rapport.

Tilskotsforvaltninga i Kyrkjebevaringsfondet er igangsett, og totalt har 152 kyrkjer fått tilskot i første og andre tilskotsrunde.

Regjeringa har oppnemnt eit ekspertutval som skal vurdere modellar for statleg finansiering av trus- og livssynssamfunn. Utvalet leverte rapport i august 2025.

I juni la regjeringa fram ein strategi for eit livssynsoppe samfunn for perioden 2025–2030. Med denne strategien vil regjeringa løfte fram eit livssynsoppe samfunn som ein visjon for samfunnet og for samspelet mellom det offentlege og sivilsamfunnet.

Hausten 2024 la regjeringa fram ein lovproposisjon med endringar i kulturlova. Endringane inneber bl.a. ei lovfesting av det kulturpolitiske prinsippet om ei armlegds avstand mellom myndigheiter og kulturinstitusjonar.

I juni vart ei ny arkivlov vedteken, og lova trer i kraft 1. januar 2026. Lova fører vidare mykje av det som er gjeldande rett, men lovreglane er utforma for betre å passe til moderne arbeidsmåtar i offentlig sektor.

Regjeringa opna eit femte likestillingssenter i Bergen i november 2024. Sentera skal drive langsiktig pådrivar- og utviklingsarbeid for likestilling og mangfald.

I desember 2024 la regjeringa fram ein strategi for likestilling mellom kvinner og menn. Strategien er den

første av sitt slag og fungerer som ei ramme for å samle den nasjonale innsatsen på likestillingsfeltet.

Regjeringa la i desember 2024 fram ei stortingsmelding om seksuell trakassering. Meldinga gir den første samanstillinga av kunnskap om omfanget av seksuell trakassering på tvers av samfunnsområde, og gir ei samla oversikt over relevant regelverk, aktørar og verkemiddel i arbeidet med å førebyggje seksuell trakassering.

Regjeringa har lagt fram tre handlingsplanar mot diskriminering siste år: handlingsplan mot antisemittisme, handlingsplan mot muslimfiendtleghet og handlingsplan mot hets og diskriminering av samar.

Nytt lydlaboratorium og automatlager ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana vart offisielt opna 25. februar 2025. Dei nye bygningane sikrar at ein kan bevare den norske kulturarven.

I juni 2025 tok Kultur- og likestillingsdepartementet imot ein NOU, Musikklandet, som er ein heilskapleg gjennomgang av musikkfeltet. Regjeringa sitt mål med arbeidet er å betre vilkåra for musikkverksemd og oppnå effektiv bruk av ressursar og eit framleis levande musikkliv i heile landet.

Regjeringa har sørgt for at det har blitt gitt full momskompensasjon til om lag 25 000 frivillige organisasjonar kvart år sidan ho tiltredde. Løyvinga i 2025 er på om lag 2,7 mrd. kr.

1,2 mrd. kr. er fordelt til kulturformål frå overskotet til Norsk Tipping i 2025. Regjeringa har bl.a. satsa på kulturfrivilligheit og kulturtilbod til barn og unge, og styrkt ordningar som kulturrom, tiltak for leselyst, ungdom og fritid og den kulturelle skulesekken.

Regjeringa har i 2025 fordelt 2 176 mill. kr i spelemidlar til idrettsanlegg i kommunane. For første gong på fleire tiår blir gjennomsnittleg ventetid for å ta imot spelemidlar til anlegg på under eitt år.

Våren 2025 vedtok Stortinget ei ny lov om behandling av personopplysningar i Noregs idrettsforbund. Lova gir idretten ein viktig reiskap i arbeidet deira for å førebyggje, avdekkje og reagere mot seksuelle overgrep, trakassering og vald i idretten.

I oktober 2024 la regjeringa fram ein strategi for kino- og filmformidling. Han skal leggje til rette for eit godt og mangfaldig kino- og filmtilbod i heile landet.

Hausten 2024 la regjeringa fram ein lovproposisjon som gjennomførte Europaparlamentets og Rådets direktiv om audiovisuelle medietenester. Hovudmålet med direktivet er å beskytte forbrukarar, fremje europeisk innhald og sikre at medietenester er ansvarlege og av høg kvalitet.

I februar 2025 la regjeringa fram ei stortingsmelding om prinsipp for talgrunnlag i jordbrukspolitikken, basert på ei semje mellom partane. Semja la grunnlaget for vidare arbeid med opptrapping av inntektsmogleghei-

tene og for å nå andre mål innanfor jordbrukspolitikken.

Regjeringa har jobba for auka rekruttering i landbruket og har bl.a. betra velferdsordningane over jordbruksavtalen. Nye tal frå NIBIO og SSB viser ei positiv utvikling der det har blitt nærmare 1 300 fleire bønder under 40 år.

I april 2025 la regjeringa fram forslag til ny lov om førebygging og reduksjon av matsvinn. Å redusere matsvinn er høgt prioritert av regjeringa, og den nye matsvinnlova inneheld fleire krav som skal bidra til dette. Dette er ein viktig milepåle i arbeidet for å nå målet om å halvere matsvinnet innan 2030.

Staten har inngått reindriftsavtale med Norske Reindriftsamers Landsforbund med ei totalramme på 250 mill. kr. Avtalen styrkjer rammevilkåra for reindrifta og støttar opp om næringsutøvarar som har reindrift som hovudverksemd. Hovudprioriteringane i Reindriftsavtalen 2025/2026 er direkte tilskot, beredskap og rådgivingstenester for reindrifta.

I mars 2025 la regjeringa fram forslag til endringar i reindriftslova og jordskiftelova. Endringane tredde i kraft 1. juli 2025 og knytter seg i hovudsak til distriktsstyring, reintalsreduksjon, erstatning og tilgjengelegging av jordskiftelova om interne forhold i reindrifta. Endringane inneber ei modernisering av reindriftslova og gir reindriftsnæringa fleire verktøy og moglegheiter til å utvikle seg.

Beredskapslager for korn er viktig for norsk matsikkerheit. Staten har inngått avtalar med aktørar i kornbransjen som skal bidra til å byggje opp nasjonalt beredskapslager for matkorn. Innan 2029 skal lagera tilsvare tre månaders forbruk av matkveite.

I mars 2025 la regjeringa fram forslag til endringar i konsesjonslova, bl.a. om priskontroll på reine skogeigedommar og konsesjon til selskap med avgrensa ansvar. Regjeringa ønskjer at landbrukseigedommar i størst mogleg grad tilhøyrrer fysiske personar som bur der og driv eigedommen. Dette er viktig for å sikre eit landbruk over heile landet.

Nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i trafikken ligg til grunn for trafikksikkerheitsarbeidet. I 2024 mista 87 menneske livet i vegtrafikken, noko som er det lågaste talet på omkomne i moderne tid, med unntak av koronaåret 2021. Foreløpige tal viser at 81 personar har omkomme per 1. september i 2025.

Det har skjedd store endringar i vegsektoren etter at veglova vart vedteken i 1963, og lova er heller ikkje heilskapleg revidert etter desse endringane. I 2025 er det oppnemnt eit utval for revisjon av veglova.

Regjeringa inngjekk hausten 2024 byvekstavtalar med kristiansandsregionen og Nedre Glomma. Målet med byvekstavtalane er å redusere klimagassutslepp,

kø, luftforureining og støy i byområda gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten skjer gjennom kollektivtransport, sykling og gonge.

Fleire nye veganlegg er opna for trafikk, bl.a. E39 Lønset–Hjelset i Møre og Romsdal, E39 Myrmel–Lunde i Vestland og E6 Kvænangs fjellet i Finnmark.

Samferdselsdepartementet har lagt fram fleire bompengeproposisjonar som bidreg til å finansiere viktige transporttiltak, bl.a. nye bypakkar i Tønsberg-regionen og Kristiansund, og vidareføring av bypakkane på Nord-Jæren, i Førde og Grenland. Det er også lagt fram ein proposisjon om utbetringar av rv. 7 i Hallingdal og ein om utbygging og finansiering av E16 og Vossebanen på strekninga Arna–Stanghelle i Vestland. Dette fellesprosjektet er det største samferdselsprosjektet i Noreg i nyare tid.

Regjeringa la i vår fram ein proposisjon med endringar i drosjeregulverket som sikrar eit tilfredsstillande drosjetilbod i heile landet, og at reglane blir etterlevde. Endringane gir bl.a. kommunane større fleksibilitet til å tildele einerettar. Fylkeskommunane skal vurde om dei har eit tilfredsstillande drosjetilbod, og kan sette i verk tiltak viss det er nødvendig for å sikre tilbodet. Fylkeskommunane skal også vurde og ta omsyn til korleis kontraktar om drosjetenester verkar inn på andre delar av transporttilbodet. Vidare skal drosjesentralane få eit ansvar for internkontroll, og det vert innført krav om at førehandsbestilt drosjetransport automatisk skal registrerast i ei godkjend kontrollutrusting.

Regjeringa har innført krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester. Kravet gjeld for anbod som er kunngjorde etter 1. januar 2025.

Jernbanen i Noreg har aldri frakta så mange passasjerar som i 2024. Til saman var det 81,9 millionar reiser på det nasjonale jernbanenettet. 2024 var dermed det første året då passasjeretalet var høgare enn før koronapandemien.

Tilbringartenesta til og frå Oslo lufthavn, Gardermoen blir ein del av det ordinære togtilbodet på Austlandet, seinast frå 2028. For å leggje til rette for ein god oppstart er eigarskapen til Flytoget AS overført til Vygruppen AS. Målet med samanslåinga er å skape eit sterkt felles persontogsselskap for framtida.

Regjeringa la våren 2025 fram Noregs første stortingsmelding om dronar og ny luftmobilitet der regjeringa gjer greie for korleis ho vil leggje til rette for ei framtidsretta dronenæring og nye mobilitetsløysingar som kan gjere det meir framkomeleg for gods, og etter kvart også for personar.

Utvalet som såg på utforminga av posttenestene i framtida, leverte sin rapport i desember 2024. Fleirtalet føreslo bl.a. at brev i hovudsak skal utleverast til betente postpunkt, men at dei som har behov for det, likevel

skulle ha moglegheit for postkasselevering éin gong i veka. Etter høyringa av postutvalets rapport har regjeringa konkludert med at det framleis bør leverast post til alle postkassar éin dag i veka, men at dei som ønskjer det, kan få hyppigare levering til postpunkt.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumentene og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet, kjære medrepresentanter!

I dag har Deres Majestet åpnet det 170. storting. Når vi nå tar plass i denne sal, er noen av oss gamle kjente, men flere enn vanlig, så mange som 84 av denne periodens stortingsrepresentanter, er nye. Velkommen til viktig innsats som folkets valgte. Sammen skal vi løse oppgaver som former folks hverdag og framtid. Vi er valgt fra hele landet og for ni forskjellige politiske partier. Det vi har til felles, er at folket har gitt oss tillit. Den tilliten er det nå opp til oss å forvalte. Det skal vi gjøre ved å ta vare på den demokratiske arven vi er en del av, den vi blir minnet på hver dag når vi ser opp på Oscar Wergelands maleri, «Eidsvold 1814».

Over 200 år etter at eidsvollsmennene forseglet sitt grunnlovsarbeid ved å love hverandre «enige og tro til Dovre faller», opplever vi her i Norge en frihet som svært få mennesker i verden har. Vårt ansvar er å være demokratiets forsvarere og tjenere på samme tid. Det må vi aldri glemme, i en tid hvor demokratiske verdier er under angrep. Valgdeltakelsen i år var på sitt høyeste siden 1989 – året da Berlinmuren falt. Dessverre er også demokratinivået i verden tilbake på samme nivå som i 1989. Vi har ikke råd til å slå oss til ro med gode plasseringer. Vi må ta ansvar for at demokratiet vårt forblir sterkt – også i framtiden. Det ligger et stort alvor over den gjerningen vi har tatt på oss, kanskje mer alvor enn på lenge.

Kjære medrepresentanter, vår oppførsel overfor hverandre legges merke til. Vi må stå opp for ytringsfriheten og uenighetskulturen, som er bærebjelken i et demokrati. Det gjør vi gjennom å vise respekt for hverandre. Bildene fra valgnatta her på Stortinget har gått viralt. Politiske motstandere som klemmer og gratulerer hverandre med valgresultatet, er sjeldent i en verden som er så polarisert som nå. Klemmen blir symbolet på vår politiske kultur. Vi anerkjenner at Stortinget virkelig speiler folkets vilje. Vi respekterer at uansett hvor uenige vi

er med våre politiske motstandere, er de også her fordi de vil det beste for landet, og fordi de har velgere i ryggen som mener at deres løsninger er de beste. Vårt ansvar er å levere de politiske løsningene som landet trenger. Det betyr at vi innimellom må legge uenighet til side for å finne felles løsninger. Kompromiss er en vakker tradisjon i norsk politikk. Vi stopper ikke helt opp som følge av politisk uenighet, men tar viktige skritt videre på veien mot noe bedre – til beste for landet og folk. Slik bevarer vi tilliten velgerne har til oss.

Tilliten mellom oss handler også om sannhet. I en verden hvor det finnes flere konkurrerende sannheter og pressen får stadig strammere vilkår, må vi i denne salen slå ring om fakta. Det er noe vi aldri kan inngå kompromisser om. Det betyr at vi må beskytte dem som bringer fakta og opplysning ut til folket. Mediene er til stede her i salen i dag, som de er hver dag. Maktkritikk spiller en helt sentral rolle i vårt åpne og frie samfunn. Vi er tjent med at medier får ettergå beslutningene våre og måten vi håndterer vårt verv på. Det er en del av tillits-samfunnet vårt.

Deres Majestet, lokale valgstyrrer, Riksvalgstyret og fullmaktskomiteen skal sikre at alt har gått riktig for seg ved dette valget. De utgjør en viktig sikkerhetsmekanisme i vårt demokrati. Det handler om tillit til valget. De har gjort sin jobb, og nå skal vi gjøre vår. De neste fire årene er det vi som er på vakt.

Stortinget er igjen samlet til ansvarsfull gjerning. Vi møtes i visshet om de store oppgavene som ligger foran oss, og det ansvar vi har påtatt oss. Med disse ord reiser vi oss og utbringer sammen det gamle ønsket:

Gud bevare Kongen og fedrelandet.

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse legges ut for behandling i et senere møte.

– Det anses vedtatt.

